

Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Delvis reklamefinansiering av kollektivsektoren er ein av fleire strategiar for å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland. Dette byggjer også opp om målsettinga i Klimaplanen for Hordaland.

Prosjektet vil gje ei forventa inntekt på 20-37 mill. kr pr. år, tilsvarande 140-260 mill. kr i avtaleperioden på 7 år. Dette gjev t.d. potensiale for 200-370 nye bussavgangar dagleg i Bergen pr. år.

Hordaland fylkesting vedtek difor;

- a) Å stå ved inngått avtale med JCDecaux knytt til Fase 1 av prosjektet vedk. avgrensa reklame på buss og Bybanen.
- b) Arbeida vidare med fase 2 vedk. reklame på leskur og byromsmøblar."

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 22 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar.